

Lars Eskeland

6. mars 1937.

Takksame elevar i Hallingdal
ynskjer til lukka med 70 årsdagen



Kjære Lars Eskeland.

Du fyller 70 år, og eg vil få lov å sende ei helsing i lag med dei mange andre hallingdøler som har site under lærestolen din. I bordskuffen min har eg ei bok med gamle minne. Eg skriv av eit stykke som talar um deg so langt attende som i 1902-3. Og det er skrivi utan tanke på at du skulde lesa det:

"Klokka fem næste ettermiddag hende noko; Eg høyrde Eskeland tala for fyrste gongen.

Han stod der uppe på talarstolen, alle lampone i salen lyste. Åtti unge andlet vende opne mot han. Han byrja foredraget med full kvar-dagstone, måteleg høgt men likevel slik at det lydest langt. So heilt liketil stod han der. Men han åtte eit vakkert åndfullt åsyn, og han åtte ei røyst som var sjeldan ven. Han førde eit mål som var sjeldan utvalt i orafellingi og godt å lyde på. Det var Grundtvig han tala um, eit framhald høyrde eg frå dagen før... då eg ikkje hadde vore med.

Han tala um Grundtvig dentid han var huslærer på Langeland. Ungdoms-krisa. Han gjekk ut frå Grundtvigs dagbok for det meste. Me opplevde denne striden i alle skifte, opplevde utgangen og kjende og skyna kva striden vekte og mogna i han. Etter foredraget gjekk eg tagal nedgjenom eplehagen, og kom smått i senn til meg sjölv att. Det heile hadde vore ei ny og mektig oppleving for meg. Det hadde vore ei menneskeskildring i levande ord og bore fram av ein kunstnar og skald. Eg hadde brått kome nær ein mann som tyktest meg rikare enn

alle eg hittil hadde mott.

Etter dette meldt skulevinteren fram. Det var dei stunder Eskeland tala til flokken...at eg ikkje var heilt viss um det var han som tala eller det var eg sjölv som innast inne sa desse tankane, teikna desse bilete, vekte desse kjenslone.

Når eg tenkjer attende på det, då tykkjer eg enno at Eskeland...når han tala um diktarar og dikting var so heilt i ånd med faget sitt, at ingen eg seinare har havt på lærestolen kan nå upp til han. Eg har ofte samanlikna han med Gerhard Gran og Wilhelm Andersen...dei to mest spirituelle boksogemenn eg har havt høve til å høyre. Trass glansfull stil, stor kunnskap og vitskapleg evne, mangla dei noko skapande og syntetisk som Eskeland åtte. Dei nådde heller aldri i so høg mun den stille sus i salen som han.

Eg hadde han og til norsklærer. Og eg må segja at han ~~er~~ kannende ikkje lærde meg norsk, men han innvigde meg i morsmålet, han gav meg ei kjensle av norsk mål som ikkje heilt har kome burt for meg... endå eg har lote leva tretti år i denne aktive måltyningi som går over landet."

Hjarteleg takk, kjære Lars Eskeland! Du tek med ære dine sytti år!

Olav Selto